



Notat

Dato: 24.04.2014
Arkivsak: 2014/10208-3
Saksbehandlar: linfar

Til: Opplærings- og helseutvalet

Fra: Fylkesrådmannen

2-årig studiespesialiserande ved Amalie Skram vgs

Fylkesrådmannen viser til RS 17/14 frå møte i Opplærings-og helseutvalet 18.04.14:

«OPHE ber om en sak hvor mulighetene for å etablere et 2-årig løp ved Amalie Skram vurderes».

I sak 17/2014 vart det presentert ei evaluering av forsøket med 2-årig studiespesialisering ved BHG. I saksframlegget vart det mellom anna peika på at 2-årig studiespesialiserande i den forma som vart prøvd ut ved BHG, støytte på betydelege organisatoriske problem. Sjølv om elevane som fullførde var godt nøgde med tilbodet, var det ein relativt stor del som ikkje klarte å fullføre. På grunnlag av tilrådingane i evalueringa kan det verke lite tenleg å vidareføre modellen frå BHG utan at det vert tenkt nytta kring organisering og fagleg innhald. Rapporten legg også vekt på kor viktig det er at elevar og føresette får tidleg og realistisk informasjon om kva gjennomføring av eit slikt opplegg vil krevje av eleven.

Eit nytt forsøk med 2-årig tilbod innan studiespesialisering føreset ein heilt ny søknadsprosess, og då må det utviklast ein modell som kan vise løysingar på dei problema BHG-modellen møtte. Det er naturleg å vente med eit slikt arbeid til Utdanningsdirektoratet har hatt høve til å vurdere evalueringane av forsøket som er avslutta. Det gjev lite mening å gjere nye forsøk med ein modell som alt er prøvd og evaluert. Dersom den strenge inndelinga i fellesfag og programfag skal løysast opp, vil det krevje omfattande utgreiingar av kva konsekvensar dette vil ha både fagleg og organisatorisk og kva juridiske utfordringar som må avklarast. Det vil vere avgjerande at eit så omfattande forsøk kan forankrast på ein skule som er positiv til å ta eit slikt ansvar.

Det å starte opp ein stor vidaregåande skule som Amalie Skram, med tilsette frå tre skular, vil vere organisatorisk utfordrande. Det vil vere ei ytterlegare påkjenning om skulen i tillegg skal leggje til rette for organisering av eit tilbod som erfaringane viser er krevjande å få til under vanlege forhold. Eit vellukka 2-årig tilbod vil krevje mykje førearbeid frå skulen si side, og skuleeigar må leggje til rette for tilbodet gjennom kunngjering i desember og inntak til vidaregåande opplæring i mars i skuleåret før oppstart.

Fylkesrådmannen kan på noverande tidspunkt ikkje tilrå at det vert søkt om etablering av eit 2-årig tilbod om studiespesialiserande ved Amalie Skram vidaregåande skule før verksemda ved skulen er godt etablert og skulen ser seg interessert i å ta til med nye forsøk.

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med ei sak som vurderer grunnlaget for eit nytt forsøk når Utdanningsdirektoratet har vurdert erfaringane med forsøket ved BHG.

